

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

|                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| Dato             | 28.02.2022                    |
| Vår referanse    | 2022/20347-2                  |
| Dykkar referanse |                               |
| Sakshandsamar    | Lillian Bakke Byrknes         |
| E-post           | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| Telefon          | 45638702                      |

## Uttale - Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot veg til uttale - gnr 172 bnr 197 - Hopland - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad om dispensasjon, datert 07.02.2022. Saka gjeld søknad om oppføring av tomannsbustad og støyskjerm mot offentlig veg.


Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

### Planstatus

Eigedomen er regulert til bustad i planen Seim skule med utbetring av FV 402 med planID 1263201007, vedteke i 2011 og revidert i 2018.

### Uttale

Det er søkt om oppføring av tomannsbustad og støyskjerm langs fylkesvegen. Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense til fylkesvegen, som er ca. 12 meter i reguleringsplanen, for å oppføre støyskjerm. Avstand mellom støyskjerm og vegmidte er ikkje teikna på situasjonskartet ved søknaden, men ser ut til å vera ca. 7,5 meter frå vegmidte.



Utsnitt frå situasjonsplanen

Vi meiner kommunen må halde fast ved byggjegrensa som er regulert i planen, og ikkje tillate tiltak innanfor grensa. Vi er og negative til støyskjerm langs strekninga her då den ikkje vert skildra i høgde eller avslutning mot naboeigedom. Dersom det er behov for støyskjerm her må det ligge føre ein støyrapport som seier noko om behovet og meir om utforminga av denne. Den må vera utført av nokon med støyfagleg kompetanse.

Vestland fylkeskommune rår ifrå dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen. Vi ber om å få vedtaket tilsendt når søknaden er ferdig handsama.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*